



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 13

(2008–2009)

Om lov om endringar i straffeprosessloven mv. (tingretten si handsaming av saker om ikkje vedtekne førelegg mv.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 14. november 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen gjer departementet framlegg om ei føresegn i straffeprosessloven som vil la tingretten på visse vilkår handsame føreleggssaker utan at meddommarar er med. Etter forslaget skal dette gjelde når tingretten pådømmer ei handling som etter lova ikkje kan bli straffa med anna enn bot, fengsel inntil eitt år eller bot saman med fengsel inntil eitt år, og berre der retten ikkje finn handsamingsmåten lite tilrådeleg.

Vidare drøftar proposisjonen om det er grunn til særskilt å forenkle sakshandsaminga i føreleggssaker i tingretten der saka er fremja etter straffeprosessloven § 281 når den skuldgjevne ikkje er til stades. Det er her spørsmål om det bør verte høve til å seie dom på grunnlag av saksdokumenta, om det bør vere mindre krav til domsgrunnar, og om det bør vere større høve til å lese opp vitneforklaringar som er gjevne tidlegare. Departementet er blitt ståande ved ikkje å ta opp framlegg om slike endringar.

Det forslaget til lovendring som departementet legg fram her i proposisjonen, var på høyring saman med ei lang rekkje andre forslag til lovendringar som kunne vere med på å gjere straffesakshandsaminga meir effektiv. Departementet vil kome attende til desse andre forslaga i ein seinare proposisjon. Departementet seier likevel ifrå i pro-

posisjonen her at det ikkje vil ta opp det forslaget til endring av straffeprosessloven § 321 tredje ledd (om utvida ankesiling) som var med i høyringsnotatet.

I tillegg inneheld proposisjonen framlegg om å rette opp ein feil i straffeprosessloven § 355 tredje stykket, og det blir foreslått eit nytt unntak i offentleglova og i forvaltningsloven sine reglar om partsinnsyn for opplysningar om forskarars idear og forskingsprosjekt. Endringane i offentleglova og forvaltningsloven er ei oppfølging av eit forslag som vart fremja av offentleglovutvalet i NOU 2003: 30, men som ikkje vart følgt opp i Ot. prp. nr. 102 (2004-2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd.

2 Bakgrunnen for framlegget om endring i straffeprosessloven

2.1 Det ålmenne arbeidet med lovendringar for å gjere straffesakshandsaminga meir effektiv

2.1.1 Innleiing

Skal straffa kunne verke som lovgjevaren har tenkt, må det ikkje gå for lang tid mellom den strafflagde handlinga og reaksjonen frå samfunnet. Ei grundig, men rask handsaming er også det beste utgangspunktet for å få eit godt samsvar mellom lovbrøt og

reaksjon. Det går fram av regjeringa si politiske plattform (Soria Moria-fråsegna) at regjeringa ønskjer eit aktivt, heilskapleg arbeid mot kriminalitet. Målet er å førebyggje betre, oppklåre meir, reagere raskare og rehabiliterer betre, og regjeringa ønskjer å skunde på straffesakshandsaminga i domstolane for å få balanse i straffesakkjeda. Departementet har i lang tid vore opptatt av å sikre at straffesakene ikkje skal ta lengre tid enn det omsynet til forsvarleg handsaming krev.

2.1.2 Høyringsnotat september 2006 om snøggare handsaming av straffesaker

Stortinget bad i oppmodingsvedtak nr. 395 (2003-2004) regjeringa om å utarbeide ei samla tiltakspakke for å korte ned på tida som går med til å handsame ei straffesak. Mellom anna etter dette oppmodingsvedtaket sende departementet i september 2006 på høyring ei rekkje forslag til lovendringar. Somme av dei skriv seg frå ulike arbeidsgrupper mv. som har vore i arbeid i løpet av det siste tiåret, og som har vurdert korleis straffesakshandsaminga kan verte meir effektiv. Høyringsnotatet hadde med forslag om mellom anna:

- ei viss innskrenking i bruken av jury (lagrette) i straffesaker for lagmannsretten, ved å setje som vilkår for pådømming med jury at tingretten har idømt, eller påtalemakta vil påstå, fengsel i meir enn fire år, forvaring eller særreaksjonar
- einskilte andre endringar i juryordninga, mellom anna at saker om grov korrupsjon ikkje skal gå for jury, og oppheving av regelen om utskytting av lagrettemedlemmar
- noko utvida ankesiling etter straffeprosessloven § 321, slik at den automatiske retten til ankehandsaming etter tredje ledd i paragrafen berre skal gjelde saker der det er idømt eller påstått fengsel i minst så mange år som vert fastsett i lova
- forenkling av tingretten si handsaming av føreleggssaker, mellom anna ved at meddommarar ikkje treng vere med i visse saker om førelegg som ikkje er vedtekne.

Høyringsnotatet vart sendt til:

Departementa
Høgsterett
Lagmannsrettane
Bergen tingrett
Nord-Troms tingrett
Oslo tingrett
Stavanger tingrett
Trondheim tingrett
Domstoladministrasjonen

Riksadvokaten
Statsadvokatane
ØKOKRIM
Politidirektoratet
Politiets tryggingsteneste
Kommisjonen for oppattaking av straffesaker
Sivilombodsmannen
Regjeringsadvokaten
Datatilsynet
Kriminalomsorgas utdanningscenter (KRUS)
Barneombodet
Kredittilsynet
Alternativ til Vold
Amnesty International (norsk avdeling)
Bergen forsvarerforening
Datakrimutvalget
Den Norske Advokatforening
Den norske Dommerforening
Den norske Revisorforening
Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen
Det juridiske fakultet ved Universitetet i Oslo
Det juridiske fakultet ved Universitetet i Tromsø
Det kriminalitetsførebyggjande rådet (KRÅD)
Det norske Menneskerettighetshuset
Etterutdanningsrådet for dommere
Finansforbundet
Finansieringsselskapenes Forening
Foreningen for voldsofre
Forsvarergruppen av 1977
Incestsenteret for menn (IFM)
Institutt for menneskerettar, Universitetet i Oslo
Juridisk rådgivning for kvinner – JURK
Jusshjelpe i Nord-Norge
Juss-Buss
Politiets Fellesforbund
Rettspolitisk forening
Statsadvokatenes forening
Stine Jussformidlingen i Bergen
Kirkens Ressurssenter mot vald og seksuelle overgrep
Kompetansesenter for likestillingsarbeid
Kontoret for valdsoffererstatning
Krisesentersekretariatet
Kvinneuniversitetet i Nord
Kvinneuniversitetet på Løten
Landsforeningen for voldsofre og motarbeiding av vold
Landsforeningen rettferd for taperne
Landsorganisasjonen i Norge
Lensmannsetatens landslag
Likestillings- og diskrimineringsombodet
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress
Nasjonalt ressurscenter for seksuelt misbrukte barn

Norges politisjeforening
 Norges Forsvarerforening
 Norges Kvinne- og familieforbund
 Norges Juristforbund
 Norges Lensmannslag
 Norsk fengsels- og friomsorgsforbund
 Norsk forening for kriminalreform – KROM
 Norsk forbund for volds ofre
 Norsk krisesenterforbund
 Norsk Kvinnesaksforening
 Norske kvinnelige juristers forening
 Politiembetsmennesenes Landsforening
 Stine Sofies Stiftelse
 Straffedes organisasjon i Norge (SON)
 Straffelovrådet
 Støttesenter for fornærmede i straffesaker
 Støtteforeningen for seksuelt misbrukte barn

Departementet har mottatt høyringsfråsegner frå:
 Agder lagmannsrett
 Agder statsadvokatembeter
 Barneombodet
 Borgarting lagmannsrett
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 Domstoladministrasjonen
 Finansdepartementet
 Fornying- og administrasjonsdepartementet
 Forsvarergruppen av 1977
 Frostating lagmannsrett
 Gulating lagmannsrett
 Hedmark og Oppland statsadvokatembete
 Hordaland statsadvokatembete
 Høgsterett
 Hålogaland lagmannsrett
 Institutt for kriminologi og rettsosiologi
 Kommissjonen for oppattaking av straffesaker
 Kredittilsynet
 Landsorganisasjonen i Norge
 Ligestillings- og diskrimineringsombodet
 Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane statsadvokatembete
 Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress
 Nordland statsadvokatembete
 Norsk Fengsels- og Friomsorgsforbund
 Norsk forening for kriminalreform
 Oslo statsadvokatembete
 Oslo tingrett
 Politidirektoratet
 Politiets fellesforbund
 Politiets tryggingsteneste
 Riksadvokaten
 Samferdselsdepartementet
 Stine Sofies Stiftelse

Trøndelag statsadvokatembete

I tillegg har nokre einsskilde kome med skriftlege merknader til høyringsnotatet, mellom dei tingrettsdommar Knut Petterson og høgsterettsadvokat Terje Herrem.

Høyringsnotatet september 2006 har, som det går fram ovanfor, med forslag til lovendringar som kan forenkle tingretten si handsaming av saker om ikkje vedtekne førelegg. Proposisjonen her tek berre opp dette spørsmålet. Desse høyringsinstansane har hatt merknader til denne delen av høyringsnotatet:

Riksadvokaten
 Domstoladministrasjonen
 Politidirektoratet
 Den norske Dommerforening
 Agder lagmannsrett
 Forsvarergruppen av 1977
 Den Norske Advokatforening
 Hordaland statsadvokatembete
 Ligestillings- og diskrimineringsombodet
 Nordland statsadvokatembete
 Norsk forening for kriminalreform (KROM)
 Oslo statsadvokatembete
 Oslo tingrett
 Trøndelag statsadvokatembete

2.2 Korleis høyringa blir følgd opp. Nærmare om einsskilde forslag som gjeld anna enn handsaminga av føreleggssaker i tingretten

Med denne proposisjonen følgjer departementet opp høyringsnotatet punkt 14 om forenkling av tingretten si handsaming av føreleggssaker. Dei andre spørsmåla som høyringsnotatet tok opp, kjem departementet attende til i ein seinare proposisjon.

Høyringsnotatet har ei rekkje forslag om ulike sider ved *juryordninga*. Jamvel om høyringsnotatet ikkje la beinveges opp til det, har mange av høyringsinstansane nytta høvet til å gje uttrykk for sitt syn på juryordninga i det heile. Somme rår til at juryordninga vert avskipa, medan nokre andre meiner ho bør stå ved lag (utan nye innskrenkingar). Attåt dette har høyringa fått fram opplysningar som tyder på at nokre lagmannsrettar vil få etter måten få jursaker til handsaming dersom det vert sett ein «nedre terskel» for juryhandsaming på fengsel i fire år, forvaring eller særreaksjoner, i samsvar med det som var eitt av dei føreslegne alternativa i høyringsnotatet. Departementet ser det som verdfullt med eit ordskifte om juryordninga som ein sentral del av straffeprosessen. Høyringa har fått fram

synspunkt, opplysningar og røynsler som til saman styrkjer grunnlaget for å vurdere om ein bør gjere framlegg til lovendingar. Departementet arbeider vidare med saka med sikte på eit mogeleg framlegg for Stortinget seinare.

Høyringsnotatet punkt 7 har forslag til endring av *straffeprosessloven § 321* som går ut på å føye til i tredje stykket i paragrafen at den vilkårslause retten til ankehandsaming berre gjeld der det er idømt eller påstått fengsel i fleire år enn ei grense fastsett i lova, forvaring eller særreaksjonar. I høyringsnotatet peika departementet samstundes på motførestellingar mot å gå lenger i å innskrenke den vilkårslause retten til ankehandsaming. Høyringsinstansane er delte i synet på forslaget. Etter høyringa har FN's menneskerettskomité i ei klagesak uttalt at Noreg krenkte FN-konvensjonen om sosiale og politiske rettigheter artikkel 14 nr. 5 om rett til overprøving, av di ei ankenekting etter straffeprosessloven § 321 andre stykket ikkje var grunngeven (fråsegn 17. juli 2008 i den såkalla «restauratørsaka»). Departementet har gjort fråsegna kjend for domstolane og påtalemakta gjennom Domstoladministrasjonen og Riksadvokaten, og vil vurdere oppfølging ut over dette når Høgsterett har sagt dom i saker om spørsmålet som er viste til førehaving i storkammar i november 2008.

Fråsegna frå Menneskerettskomiteen gjeld som nemnt straffeprosessloven § 321 *andre* stykket, og ikkje den vilkårslause retten til ankehandsaming etter tredje stykket i paragrafen. Departementet nyttar likevel høvet til å gjere det klart at det ikkje no vil fremje det forslaget til å utvide området for ankesiling etter § 321 andre stykket som låg i høyringsnotatet.

3 Pådømming av føreleggssaker i tingretten utan meddommarar

3.1 Gjeldande rett og tidlegare vurderingar

I straffesaker skal tingretten under hovudførehavinga vere sett med ein fagdommar og to meddommarar, jf. straffeprosessloven § 276. Hovudregelen er at meddommarane blir trekte frå dei alminnelige meddommarutvala, jf. domstolloven kapittel 5, og meddommarane er difor jamt over lekfolk. Dei tek del på lik line med fagdommaren når retten skal ta avgjerd om spørsmåla i saka. Denne handsamingmåten avvik frå det som gjeld for tilståingssaker, der ein fagdommar etter § 248 på visse vilkår kan pådømme saka åleine, utan hovudførehaving. Den skuldgeivne har normalt ikkje krav på forsvarar under tingretten sin handsaming av føreleggs-

saker, jf. straffeprosessloven § 96 andre ledd. Når særlege grunnar taler for det, kan likevel retten nemne opp forsvarar, jf. § 100 andre ledd.

Etter det som går fram av Domstoladministrasjonens årsstatistikk for domstolane for 2007, kom det i 2007 inn til tingrettane i alt 16 864 straffesaker til pådømming i meddomsrett. For dei fire føregående åra var tala 16 959 (2006), 17 651 (2005), 16 896 (2004) og 16 499 (2003). Det finst ikkje offisiell statistikk som viser kor mange av dei innkomne sakene som hadde grunnlag i eit førelegg som ikkje var vedteke. Domstoladministrasjonen har opplyst at det for alle tingrettane samla i 2007 kom inn noko under 3 200 saker som er registrerte med «ikkje vedteke forelegg». Oslo tingrett har opplyst at av ca. 3 500 meddomsrettssaker som kom inn til denne domstolen i ein tidbolck som svarar nokolunde til 2006, var ca. 1 200 føreleggssaker. Ingen av desse opplysningane gir grunnlag for å gje eit nogngrant tal på føreleggssaker. Samla ligg det nær å tru at ca. 30 % av dei meddomsrettssakene som kjem inn til tingrettane, er saker om ikkje vedtekne førelegg.

Tingrettane skal trekkje og kalle inn to meddommarar til kvar sak, jf. domstolloven § 88 første og andre stykket. I utgangspunktet skal dei etter føresegna jamvel trekkje og innkalle to varamedlemmar for meddommarane. Mellom anna for å lette domstolane sitt arbeid gjer lova praktisk viktige unntak frå dette. Domstolloven § 89 gir domstolane høve til å fastsetje at dei same meddommarane skal gjere teneste i fleire saker som vert handsama rett etter kvarandre. Dinest har lova praktisk viktige unntak frå regelen om at retten skal trekkje og innkalle to varamedlemmar. Etter domstolloven § 88 andre stykket kan ein dommar avgjere å trekkje berre eit varamedlem til ei sak, og heilt late vere å trekkje varamedlemmar til ei sak der hovudførehavinga venteleg kan bli avvikla på ein dag, slik det ofte vil vere i føreleggssaker. Domstolane kan dessutan velje fritt mellom å innkalle varamedlemmane til hovudførehavinga, eller gje dei bod om å halde seg klare til å møte om det trengst. Jamvel med desse unntaka krev likevel handsaminga av ei sak med meddommarar monaleg meir ressursar enn om saka vert handsama av ein fagdommar åleine.

Straffeprosessloven av 1981 har alltid hatt den regelen at tingretten skal vere sett med meddommarar når han handsamar føreleggssaker. Det var annleis under den førre straffeprosesslova av 1887. Også denne lova fastsette opphavleg at retten skulle setjast med meddommarar (domsmenn), men i 1927 fekk § 377 fjerde stykket følgjande særregel:

«Saker hvor forelegg er utferdiget kan fremmes

etter begjæring av påtalemyndigheten uten at tiltalebeslutning utferdiges, idet domsmenn i disse saker bare tilkalles hvis retten finner det påkrevet.»

Denne føresegna vart vedteken saman med fleire andre reglar om forenkling av handsamingsmåten, og var grunngeven med spareomsyn. Men etter vedtakinga vart det usemje om det var ønskeleg med eit slikt unntak frå prinsippet om lekfolksdeltaking i straffeprosessen, og det vart peika på dårlege røynsler med pådømming utan domsmenn. På denne bakgrunnen vart regelen endra på ny i 1935, og § 377 fjerde stykket fikk denne ordlyden:

«Saker, hvor forelegg er utferdiget, kan fremmes efter begjæring av påtalemyndigheten uten at tiltalebeslutning utferdiges. Når det i disse saker vilde være forbundet med uforholdsmessig ulempe eller utgift å tilkalle domsmenn, kan dette undlates. Beslutning herom kan ikke angripes ved kjæremål eller anke.»

Av Straffeprosesslovkomiteen si innstilling (1969) side 130 går det fram at fridommen til å pådømme føreleggssaker utan meddommarar etter kvart vart lite brukt og fekk lite å seie økonomisk. Årsaka var mellom anna at lova hadde til vilkår at bruk av meddommarar måtte innebere ei «uforholdsmessig ulempe eller utgift», og at det i praksis var naudsynt med ei konkret og uttrykkeleg grunngeving for kvifor det var slik i den aktuelle saka. Straffeprosesslovkomiteen meinte at meddommarar var med i mange saker der rettstryggleiken ville vere god nok med ein røynd embetsdommar, men fann det vanskeleg å utforme ei rasjonell avgrensing av saker der det ikkje skulle vere behov for meddommarar. Alt i alt fann ikkje komiteen at føremonene ved å sløyfe meddommarar var større enn ulempene «så lenge antallet av forseelsaker som behandles ved domstolene ikke er større enn det er hos oss» (innstillinga side 130). Departementet slutta seg til Straffeprosesslovkomiteens vurdering, og føyde til at ein laut jamvel leggje vekt på det meddommarar kan ha å seie som eit korrektiv som styrkjer rettstryggleiken (Ot.prp. nr. 35 (1978-79) side 89). Justiskomiteen vurderte framlegget om at retten alltid skal innkalle meddommarar i foreleggssaker «som ein nytteleg endring som vil vere med på å sikre rettstryggleiken» (Innst. O. nr. 37 (1980-81) side 12).

Som ein lekk i «Prosjekt hurtigere straffesaksbehandling» oppnemnde departementet i juni 1999 to arbeidsgrupper til å greie ut tiltak for å få ned sakshandsamingstida i straffesaker. Etter forslag frå ein dommar i Oslo byrett vurderte den eine arbeidsgruppa (Arbeidsgruppe II) om det bør vere høve til å pådømme føreleggssaker utan at med-

dommarar tek del. Arbeidsgruppa kom til at den ikkje ville gjere framlegg om det, og grunn gav det mellom anna slik (sluttrapport «Prosjekt hurtigere straffesaksbehandling – Arbeidsgruppe II» side 81-82):

«Etter arbeidsgruppens oppfatning er det neppe tvilsomt at det er tid å spare på at legdommere ikke deltar i foreleggsaker. Arbeidsgruppen finner imidlertid at forslaget bryter for sterkt med det grunnleggende prinsippet i norsk straffeprosess om legmannsdeltagelse, og finner ikke å kunne gi sin tilslutning til forslaget. Heller ikke i avgrenset utstrekning slik som byrettsdommeren har antydnet. Det er naturligvis realitetsforskjell på et trivielt trafikkforelegg og et forelegg som for eksempel kan ha betydning for siktetes arbeidsforhold, eksempelvis et forelegg mot en polititjenestemann, men arbeidsgruppen finner de prinsipielle motforestillinger avgjørende. Legmannsprinsippet i norsk straffeprosess bygger opp under den alminnelige tilliten til rettsvesenet, og legdommere kan ofte bidra til fornuftige rettsavgjørelser. Ikke minst i mange foreleggsaker kan legdommere gi nyttige innspill og slik supplere fagdommerens vurdering.

Arbeidsgruppen har vurdert om det kan være grunn til å åpne for en adgang til at siktede selv gis anledning til å gi avkall på at legdommere skal delta i foreleggsaker. Det kan enten skje ved at siktede må melde fra til retten om at han ønsker legdommere eller at han selv uttrykkelig må si fra om han godtar at saken avgjøres av en fagdommer alene. En forespørsel til siktede om dette kan inntas i stevningen. – Arbeidsgruppen finner imidlertid heller ikke å ville foreslå dette. De beste grunner taler for å opprettholde prinsippet om legdommerdeltagelse fullt ut i enhver straffesak der skyldspørsmålet avgjøres.»

3.2 Rettsstoda i andre nordiske land

I *svensk* straffeprosess skal tingsrätten som hovedregel bli sett med «en lagfaren domare och tre nämndemän», jf. rättegångsbalken 1 kapittel 3b §. I saker der strafferamma ikkje går over bøter eller fengsel inntil 6 månader, og saka heller ikkje gjeld føretaksstraff, kan retten setjast utan meddommarar. Men då kan ikkje straffa verte strengare enn ei bot.

Også i *Finland* er utgangspunktet at tingsrätten i straffesaker vert sett med «ordförande och tre nämndemän» (rättegångsbalken 2 kapittel 1 §). I straffesaker der tiltalen etter lova ikkje kan føre til anna eller strengare straff enn bøter eller fengsel i eitt år og seks månader, kan tingsrätten likevel setjast med bare «ordförande», jf. rättegångsbalken 2

kapittel 6 §. I slike høve kan ikkje retten idømme strengare straff enn ei bot. Ved proposisjon 12. juni 2008 (RP nr. 85/2008) har den finske regjeringa gjort framlegg om å endre denne føresegna, slik at tingsrätten sett med einedommar skal kunne handsame straffesaker som kan føre til fengsel i høgst to år, og dessutan nokre særskilt nemnde straffbare handlingar. Etter framlegget vil tingsrätten med berre ein dommar kunne seie dom i saker om mellom anna grovt tjuveri, grovt brukstjuveri av motor-køyrety, grovt heleri, grovt skadeverk og grovt bedrageri.

Etter den *danske* retsplejelov § 686 stk. 2 skal førsteinstansdomstolen setjast med meddommarar («domsmænd») i straffesaker «hvor der bliver spørgsmål om højere straf end bøde, eller som i øvrigt skønnes at være af særlig indgribende betydning for tiltalte eller af særlig offentlig interesse», eller det følgjer av ei anna lovføresegn at det skal vere med meddommarar.

3.3 Forslaga i høyringsnotatet og bakgrunn for dei

I brev 2. mai 2002 bad dåverande sorenskrivar i Oslo tingrett departementet vurdere ei lovendring som ville gje tingretten høve til å handsame føreleggssaker utan meddommarar. Forslaget tok sikte på føreleggssaker av alle slag, men sorenskrivaren peika også på at det ville vere mogeleg å gje endringa stuttare rekkjevidd, til dømes slik at ho berre fekk femne om misferdsaker (forseelser) eller saker der bota i førelegget ikkje går over ein viss sum. Som bakgrunn for forslaget viste han til ein sterk auke i tale på straffesaker. Sorenskrivaren nemnde at Arbeidsgruppe II i Prosjekt hurtigere straffesaksbehandling hadde drøfta og forkasta eit tilsvarande forslag, og uttalte om det mellom anna:

«Etter min oppfatning tok ikke arbeidsgruppen i sin vurdering tilstrekkelig hensyn til at det bør være et fornuftlig forhold mellom sakenes alvor, omfang og kompleksitet på den ene side og ressursbruken på den annen. Det forhold at lekmanselementet er et bærende prinsipp i strafferettspleien og skal være det også i fremtiden, er ikke ensbetydende med at det ikke kan gjøres unntak på begrensede områder, hvor reaksjonen er forholdsvis lite inngripende, og en dom normalt og ut fra en alminnelig samfunnsmessig betraktning ikke er sterkt infamerende.»

Elles viste sorenskrivaren i brevet til at både Sverige og Danmark har særreglar av dette slaget. Han opplyste at Oslo tingrett fekk inn 1191 føreleggssaker i 2001, og sa dom i 333 av dei. Domstolen sitt inntrykk var at dei aller fleste sakene galdt

misferd, og at idømte bøter til vanleg låg mellom 2 000 og 10 000 kroner. Sorenskrivaren meinte at tidsbruken for handsaming av føreleggssaker kunne gå ned til det halve utan bruk av meddommarar, og at ein dommar då ville kunne ta 3-4 føreleggssaker per dag. Differansen vart rekna å svare til om lag to dommarårsverk.

Rapporten «God ressursutnytting i domstolene», som ei arbeidsgruppe nedsett av Domstoladministrasjonen kom med i oktober 2003, tilrår å greie ut om både føreleggssaker og andre straffesaker der påstanden berre er bøtestraff, bør kunne bli handsama som einedommarsaker (rapporten punkt 3.9.3). Arbeidsgruppa, som hadde sorenskrivaren i Oslo tingrett til leiar, viser til at lekdommarar har ein sentral plass i rettargangen, og at det er eit vanleg syn at bruken av lekdommarar inneber ein rettstryggleiksgaranti. Vidare heiter det:

«Det er likevel et spørsmål om det er nødvendig med meddommere i foreleggssaker, ut fra en avveining av ressursbruken i forhold til sakens betydning. Ettersom straffereaksjonen her «bare» er bot, med en subsidiær fengselsstraff om boten ikke betales, har disse sakene en mindre alvorlig karakter enn de øvrige straffesakene. Det vises også til at tingrettsdommerne behandler de fleste sivile saker som enedommere, og at mange av disse er langt mer krevende og av større betydning for partene enn foreleggssakene. Både Sverige og Danmark har regler som gjør at alle bøtesaker, med visse unntak, behandles av en fagdommer alene, jf. rättergangs-balken 1. kap § 3b og retsplejeloven § 686, st 2.»

Arbeidsgruppa viser elles til Oslo tingretts overlslag om at retten kan spare om lag to dommarårsverk dersom føreleggssaker vert handsama utan meddommarar. Gruppa peika på at ei slik regelen-dring kan ha ulik rekkjevidd ved å femne om til dømes alle straffesaker der påstanden går ut på bøtestraff, alle føreleggssaker, eller berre førelegg i misferdsaker.

Høsten 2003 oppnemnde Justisdepartementet ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe til å vurdere tiltak som kan gje ei meir effektiv straffesakshandsaming i Oslo (og – om råd – i landet elles). Arbeidsgruppa hadde dåverande administrasjonssjef i Oslo tingrett til leiar. I sluttrapporten «Hurtigere straffesaksavvikling» (desember 2003) gjer gruppa framlegg om eit tillegg til straffeprosessloven § 276, slik at føreleggssaker som hovudregel skal bli handsama utan meddommarar, men at saksførebuande dommar etter krav frå den skuldgeivne eller når særlege grunner ligg føre, skal kunne avgjere at retten skal ha meddommarar (tiltak nr. 17). Arbeidsgruppa uttaler mellom anna:

«Arbeidsgruppen vil be Justisdepartementet igjen å se på muligheten for å avholde hovedforhandlinger i foreleggssaker uten legdommere. Det er enighet om at legdommerprinsippet bør stå sterkt i den norske strafferettspleien. Etter arbeidsgruppens syn, vil de fleste foreleggssaker kunne undergis en betryggende behandling uten legdommerdeltagelse. Til sammenligning behandles i dag gebyr (parkeringsgebyr m.v.) av en fagdommer alene og alvorlige straffesaker kan avgjøres etter forenklet rettergang av en fagdommer alene etter reglene i straffeprosessloven § 248. Det er da vanskelig å begrunne at et forelegg for enkle trafikkforseelser, tollovertredelser m.v. skal behandles med legdommere. På samme måte som for sivile saker, bør siktede kunne kreve retten satt med legdommere. Forberedende dommer bør også kunne bestemme dette når særlige grunner gjør det ønskelig – eksempelvis der dommeren vurderer en annen reaksjon enn bot. Noen avgjørende grunn mot at disse sakene som hovedregel avgjøres uten legdommere kan det da ikke være.

Legdommerprinsippet står for øvrig sterkt også i Sverige og Danmark, uten at det der er ansett nødvendig med legdommer i (alle) foreleggssaker.»

Også denne arbeidsgruppa viser til innsparingsoverslaget for Oslo tingrett, og til at ein kan avgrense ei endring til å gjelde berre for misferdsaker. Arbeidsgruppa meiner dessutan at førelegg ilagt foretak etter straffeloven kapittel 3 a (foretaksstraff) bør bli handsama med lekdommarar.

I det høyringsnotatet september 2006 om hurtigare handsaming av straffesaker, som er nemnt før i proposisjonen, tok departementet opp om tingretten bør kunne pådømme føreleggssaker utan meddommarar (punkt 14.2 i høyringsnotatet). Departementet rekna med at ei slik endring kan forenkle sakshandsaminga monaleg, og viste til at Sverige og Danmark har ei slik ordning, jamvel om ein også der legg stor vekt på prinsippet om lekfolksdeltaking i rettargangen i straffesaker. Samstundes peika departementet på at lekfolksdeltaking i rettargangen står sterkt i norsk rettstradisjon, og at det ligg nær å rekne med at ho styrkjer tilliten til rettsstellet. Som mange andre straffesaker reiser føreleggssakene jamleg spørsmål om å vurdere bevis, som er den delen av domsoppgåva som er ein hovudgrunn for lekfolksdeltaking.

I høyringsnotatet slo departementet frampå at skal tingretten få pådømme føreleggssaker utan meddommarar, bør det berre gjelde saker som er lite inngripande for den skuldgeivne. Straffeloven 2005 vidarefører ikkje skiljet mellom brotsverk og misferd (forbrytelse og forseelse), så det vil ikkje vere tenleg å knyte ein slik regel til om saka gjeld

brotsverk eller misferd. Som ei anna løysing nemnde departementet at lova kan knyte høvet til å pådømme utan meddommarar til strafferamma i det straffebodet som førelegget gjeld, og slik at grensa bør gå mellom straffebod som heimlar bøter og/eller fengsel i inntil eitt år på den eine sida, og strengare straffebod på den andre. Brot på vegtrafikkloven vil då gå inn under det som tingretten kan handsame utan meddommarar, jf. vegtrafikkloven § 31 første ledd. Ei innvending mot å late strafferamma vere avgjerande, er at ho ikkje treng seie så mykje om kor inngripande saka er for den skuldgeivne i det einskilde høvet.

Ei tredje løysing som vart nemnd i høyringsnotatet, er å knyte spørsmålet om å bruke meddommarar til storleiken på den bota som førelegget fastset. Denne storleiken vil ofte seie noko om kor grovt lovbrottet er, og regelen vil vere enkel å praktisere. Men når ei bot blir ilagd, skal ein ta omsyn til både den strafflagde handlinga og til overtredaren sine inntekts- og formueshøve. Storleiken på bota i førelegget kan difor etter omstenda seie meir om den skuldgeivne sin økonomi enn om kor grovt lovbrottet er. Difor treng heller ikkje storleiken på bota i førelegget vere eit veleigna kriterium. Departementet nemnde òg den løysinga at det kan vere opp til den skuldgeivne sjølv om retten skal setjast med meddommarar, men heldt samstundes fram ymse motlegg mot dette – at få skuldgeivne vil ha gode føresetnader for å vurdere spørsmålet om rettens samansetjing, at ordninga ville gjere prosessen meir uoversiktleg, og at det er uvisst om det ville gje noka prosessøkonomisk vinning.

Departementet sende på høyring desse alternative utkasta til nye andre og tredje punktum i straffeprosessloven § 276 første ledd:

Alternativ 1:

«Ved hovedforhandling settes retten med en fagdommer og to meddommere. I saker etter § 268 kan retten settes uten meddommere dersom saken ikke er særlig inngripende eller av særskilt offentlig interesse. Rettens avgjørelse av om den skal settes med meddommere, kan ikke påkjæres eller brukes som ankegrunn.»

Alternativ 2:

«Ved hovedforhandling settes retten med en fagdommer og to meddommere. I saker etter § 268 om forhold som kan straffes med bot eller fengsel inntil ett år, kan retten settes uten meddommere. Dette gjelder ikke hvor retten finner behandlingsmåten betenkelig.

Rettens avgjørelse av om behandlingsmåten er betenkelig kan ikke påkjæres eller brukes som ankegrunn.»

Departementet såg ikkje nokon avgjerande grunn til å ha særskilte reglar for saker om føretaksstraff.

3.4 Høyringsfråsegnene

Fleirtalet av høyringsinstansane har ei positiv haldning til å minske bruken av meddommarar i føleggssaker, og dei fleste av dei stør opp om alternativ 2.

Domstoladministrasjonen (DA) meiner at det er heilt naudsynt med ei forenkling i handsaminga av føleggssaker der den skuldgeivne nektar straffeskuld, og seier at mange meddommarar opplever slike saker som misbruk av tida deira. DA er i denne samanhengen ikkje samd i at ilegging av straff etter sin art er meir alvorleg enn å dømme i ein tvist mellom sivile partar. DA sluttar seg til departementets forslag alternativ 1, og meiner at alternativ 2 skaper fare for å gripe feil. Domstoladministrasjonen er samd i at det ikkje bør vere høve til å anke over retten si avgjerd om samansetjinga eller bruke avgjerda som ankegrunn.

Riksadvokaten peikar på at somme føleggssaker ikkje vil vere utgreidde i fullt omfang, og at det såleis kan vere vitne eller andre prov som den skuldgeivne ønskjer å få avhøyrde eller førte, men som politiet ikkje kjende til då følegget vart utferda. Riksadvokaten ser ikkje bort frå at politiet sender føleggssaker til domstolane utan å etterkome slike ønske, og at den skuldgeivne såleis kan ha gode grunnar for å halde fast ved å nekte å vedta. Han meiner likevel at retten må kunne handsame føleggssaker utan meddommarar, og går inn for å utforme regelen om dette i tråd med høyringsnotatet alternativ 2.

Politidirektoratet (POD) stør tanken om å redusere bruken av meddommarar i føleggssaker, og ser på anten høyringsnotatet alternativ 2 eller storleiken på den konkrete bota som dei mest tenlege alternativa for avgrensinga. POD meiner at med departementet sitt forslag til utforming av alternativ 2 vil retten måtte setjast med meddommarar i saker der strafferamma er ein kombinasjon av bot og fengsel, og ser for sin del ikkje nokon god grunn til at det skal vere meddommarar med ved handsaminga av eit lovbrøt med strafferamme seks månaders fengsel og bot, dersom dette ikkje skal gjelde lovbrøt med ei strafferamme på inntil eitt års fengsel.

Oslo tingrett opplyser at domstolen i løpet av det siste året (dvs. i 2006) fekk inn om lag 3 500 meddomsrettssaker, av dei om lag 1 200 føleggssa-

ker. Videre opplyser tingretten at det vert sagt dom i om lag 50 % av føleggssakene, dvs. i om lag 600 saker. Oslo tingrett konstaterer at utgangspunktet etter forslaga i høyringsnotatet er at føleggssaker skal bli handsama som meddomsrettssaker, og den er samd i dette utgangspunktet. Samtidig viser Oslo tingrett til at tingrettsdommarar handsamar saker av andre slag, både sivile saker og enkeltstående rettergangsskritt i straffesaker, som kan vere mykje meir inngripande enn dei fleste føleggssaker er, og opplyser at meddommarar i mange føleggssaker gir uttrykk for undring over at dei er innkalte til å dømme i slike saker der provsvurderinga ofte er enkel og meddommarane ikkje har mykje å kome med når det gjeld straffutmålinga. Oslo tingrett stør forslaget om å kunne pådømme føleggssaker utan meddommarar, og meiner at alternativ 2 er det beste.

Oslo statsadvokatembete stør forslaget om at retten i ein viss mon skal kunne pådømme føleggssaker utan bruk av meddommarar, og meiner at alternativ 2 er best.

Trøndelag statsadvokatembete tykkjer at handsaming av føleggssaker utan meddommarar i tingretten kan gje ei monaleg forenkling og innsparring, og går inn for ei slik ordning i samsvar med departementets alternativ 1.

Den Norske Advokatforening er samd i at ei viss innskrenking i bruken av meddommarar i føleggssaker er forsvarleg, men peikar på at domstolhandsaming utan meddommarar berre må gjelde for dei minst inngripande sakene og saker der provsvurderinga er enkel. Etter Advokatforeningens sitt syn treffer ikkje departementets forslag godt nok. Advokatforeninga har vist til formuleringa i tvistemålsloven § 323 om at retten som hovudregel skal setjast utan meddommarar, men at partane kan krevje meddommarar.

Forsvarergruppen av 1977 ser ikkje avgjerende innvendingar mot å handsame ordinære føleggssaker utan meddommarar. Men føleggssakene er inga homogen gruppe, av di dei også femner om foretaksbøter i mangemillionerklassa og saker som kan reise viktige og prinsipielle spørsmål som har mykje å seie for dei involverte. Forsvarergruppen meiner at alle saker om føretaksstraff bør ha meddommarar. I andre føleggssaker kan ein late vere å setje retten med meddommarar i samsvar med dei kriteria som er skisserte i høyringsnotatet, likevel slik at retten også lyt ta omsyn til om den skuldgeivne krev at retten blir sett med meddommarar.

Summe høyringsinstansar går imot forslaget om å opne for at tingretten kan handsame føleggssaker utan meddommarar.

Den norske Dommerforening meiner at det er

uheldig om tingretten skal pådømme føreleggssaker utan meddommarar, og viser til at det er provsvurderinga ved skuldspørsmålet som framom alt danner bakgrunnen for lekfolksdeltakinga i pådømming av straffesaker. Jamvel om føreleggssakene til vanleg vil vere blant dei mindre alvorlege straffesakene, finn ikkje høyringsinstansen grunn til å bryte med prinsippet om lekfolksdeltaking i saker der retten må vurdere prova under skuldspørsmålet.

Agder lagmannsrett sluttar seg til synspunkta frå Den norske Dommerforening, og meiner også at om handsaminga i tingretten blir svekka, vil det truleg gjere at fleire ankesaker må slippe fram til handsaming utan avsiling etter straffeprosessloven § 321 første ledd.

Nordland statsadvokatembete går imot forslaget om pådømming av føreleggssaker utan meddommarar, og peiker på at desse sakene i praksis kan vere vanskelege, inngripande eller summarisk etterforska. Av de framsette alternativa til endring av § 276 er alternativ 2 det beste.

Også *Hordaland statsadvokatembete* meiner at ein bør halde fast ved ordninga med meddommarar i føreleggssaker. Prosessordninga bør vere så enkel som råd, og den skuldgeivne – som ofte møter utan forsvarer i føreleggssakene – vil lettare kunne kjenne seg «overkøyrd» som ein fagdommar skal pådømme saka åleine. Den skuldgeivne bør ikkje bli sett overfor eit val med omsyn til samansetjinga av retten. Men domstolloven bør bli endra slik at dei same meddommarane kan gjere tjeneste i flere saker. Ein bør jamvel vurdere ein regel om at den skuldgeivne skal bli pålagt å betale sakskostnader dersom førelegget blir vedteke seinare enn ei veke før hovudføreavinga.

Norsk forening for kriminalreform (KROM) er heilt usamd i at tingretten skal kunne avgjere og handsame føreleggssaker utan meddommarar. Forslaga om dette i høyringsnotatet manglar alle dei kontrollmekanismer som sikrar ei korrekt avgjerd. Det er viktig med meddommarar jamvel i føreleggssaker, ettersom sakene er viktige for dei som dei gjeld. For den som blir berørt, kan ei bot vere like stigmatiserande og inngripande som ei kortare fengselsstraff.

Likestillings- og diskrimineringsombodet peikar på at personar med minoritetsbakgrunn ofte kjenner lite til det norske rettssystemet og ikkje er gode nok i norsk til å ivareta interessene sine i ein domstolsprosess. Røynsler som Senter mot etnisk diskriminering har gjort, syner at personar med minoritetsbakgrunn har vanskeleg for å skjønne innhaldet i, og omfanget av, ei føreleggssak. Det er naudsynt at ei effektivisering av saksgangen i ei straffe-

sak varetar det behovet som denne gruppa har for særskilt tilrettelegging, medrekna at ein sikrar at den skuldgeivne forstår prosessen, kva for tiltak som blir iverksette, og kva for rettar vedkommande har.

3.5 Departementets vurdering

Departementet meiner det er grunn til å opne for at tingretten i visse høve kan handsame føreleggssaker utan meddommarar.

Departementet ser rett nok framleis dei innendingane mot å handsame saker om straffeskuld utan meddommarar som høyringsnotatet gjer greie for. Jamvel om saker av andre slag i røynda kan ha mykje meir å seie for dei som saka gjeld, held departementet fast ved at det å idømme straffskuld prinsipielt er noko av det mest alvorlege som domstolane tek avgjerd om. Departementet ser det heller ikkje som avgjerande at saker der den skuldgeivne har tilstått, ofte kan verte pådømde av ein embetsdommar åleine, jamvel der det er tale om å dømme til ei lang fengselsstraff (straffeprosessloven § 248). Den som møter for retten for å få ein tilståingsdom, vil gjerne ha forsona seg med saka mykje meir enn den som møter for å forsvare seg mot ein påstand om straffskuld. Samstundes må det jamvel i straffeprosessen vere ein viss proporsjonalitet mellom det saka gjeld, og dei ressursane som vert nytta i sakshandsaminga. Etter departementets syn er det uråd å sjå heilt bort frå dei opplysningane som er komne fram under høyringa, om at meddommarar i føreleggssaker i nokon mon er undrande til den tenesta som dei er innkalla til. Departementet legg til grunn at lekfolksdeltakinga i retargangen er med på å auke tilliten til rettsstellet. Men tillitsomsynet har òg ei anna side, ved at i alle høve meddommarane sin tillit til domstolane truleg føreset at dei oppfattar det slik at dei reelt sett trengst. Også frå ein samla synsstad er det vel slik at tillitsomsynet tilseier at retten har ein bemaning som er solid, men ikkje overdimensjonert for oppgåva.

Høyringsinstansene er delte i synet på om det bør vere høve til å pådømme visse føreleggssaker utan meddommarar. Høyringa syner likevel ein viss tilslutnad til ei slik endring, både frå domstolskald og frå påtalemakta og forsvararane. Av di endringa også vil gje ei reell administrativ forenkling for tingrettane, er departementet vorte ståande ved å fremje eit forslag som med nokre justeringar svarer til alternativ 2 i høyringsnotatet. Departementet strekar under at forenklinga er avgrensa til å gjelde samansetjinga av retten i desse sakene. Påtalemakta sitt ansvar for å vurdere sakene omhyggjeleg for

oversending til retten vert ikkje mindre, og pådøminga skal vere fullverdig og samvitsfull. Endringa gir heller ikkje grunnlag for å gje mindre informasjon til den skuldgeivne, og dette gjeld enn meir om den skuldgeivne på grunn av minoritetsbakgrunn eller av andre årsaker har større behov for informasjon enn vanleg.

Framlegget gjer ikkje noka endring i straffeprosessloven § 321. For å få fremja ein anke til lagmannsretten i saker der det ikkje er idømt nokon annan reaksjon enn bot, inndraging eller tap av retten til å føre motorvogn, slik tilfellet vil vere i føreleggssaker, vil det framleis vere krav om særskilt samtykke frå lagmannsretten. Retten skal berre gje slikt samtykke når særlege grunnar taler for det, jf. straffeprosessloven § 321 første stykket andre punktum. Når lagmannsretten vurderer samtykke, kan den ta omsyn til at saka er pådømd av ein fagdommar åleine. Departementet er difor samd med Agder lagmannsrett i at den føreslegne endringa, kan gjere at det blir naudsynt å gje samtykke til fleire ankesaker. Men at saka er pådømd av ein fagdommar åleine, vil ikkje i seg sjølv vere nok til at det ligg føre «særlege grunner» i lova si meinung. I utgangspunktet reknar ikkje departementet at endringsforslaget vil gje nokon stor auke i talet på saker som må fremjast til ankehandsaming etter § 321 første ledd.

Slik dei to alternativa til endring av straffeprosessloven § 276 vart formulerte i høyringsnotatet, vil det vere opp til retten å avgjere om ei sak skal bli pådømd utan meddommarar (så sant saka høyrer med blant dei som retten etter lova kan handsame slik). Korkje påtalemakta eller den skuldgeivne sitt syn på spørsmålet vil med andre ord vere avgjerande for kva avgjerd retten skal ta om samansetjinga.

Den norske Advokatforening har i høyringsfråsegna si vist til tvistemålsloven § 323, og gått inn for ein hovudregel om at saker om ikkje vedtekne førelegg blir pådømd utan meddommarar, men at partane kan krevje at retten blir sett med meddommarar.

Departementet ser det framleis slik at det ikkje er tenleg å late det vere opp til den skuldgeivne å krevje at det skal vere meddommarar med ved pådøminga i tingretten. Den skuldgeivne vil sjeldan ha eit godt grunnlag for å vurdere spørsmålet, og det er uvisst om endringa i så fall samla sett vil gje noka forenkling. Skal ein samanlikna med rettargangen i sivile saker (no tvisteloven § 9-12 første ledd), lyt ein ta omsyn til at partane der svarer for utgiftene i større mon enn i straffesaker, sjå mellom anna rettsgebyrlova § 2. Slik departementet ser det, har det ikkje kome fram under høyringa noko som skiplar det som departementet her gir uttrykk for i

samsvar med høyringsnotatet på dette punktet. Men som nemnt kan både påtalemakta og den skuldgeivne sitt syn på spørsmålet inngå i den vurderinga som retten skal gjere.

Politidirektoratet har peika på at med ein regel som svarar til alternativ 2 i høyringsnotatet, lyt ein setje retten med meddommarar i saker der straffesamma er ein kombinasjon av bot og fengsel. Departementet føreslår at det skal vere lovbrøt der den lengste fengselsstraffa etter lova er fengsel i eitt år, som det skal vere høve til å pådømme utan meddommarar. Departementet er samd med Politidirektoratet at det ikkje bør gjere nokon skilnad at ei bøtestraff kan bli idømt saman med fengsel, og har endra lovforslaget samanlikna med høyringsforslaget for å få dette betre fram.

Departementet tar ikkje opp forslag om at saker med føretaksstraff alltid skal bli pådømd med meddommarar. Men slike saker kan etter omstendane vere vanskelege eller gjelde store summer, og det kan tale for at pådøming utan meddommarar må seiast å vere utilrådeleg eller at retten i alle høve bør setjast med meddommarar. Det kastar eit visst lys over dette spørsmålet at det ikkje trengst særskilt samtykke frå lagmannsretten etter straffeprosessloven § 321 første stykket til å fremje ein anke over bot som er idømt eit føretak.

Departementet føreslår at det ikkje skal vere høve til å anke over retten si avgjerd om samansetjinga, og at det heller ikkje bør vere fritt fram for å nytte avgjerda som ankegrunn. Tingretten si vurdering av om det er utilrådeleg å pådømme saka utan meddommarar, bør såleis vere endeleg. Ein annan regel ville lett kome til å hemme saksframdrifta. Men ein part som meiner saka fell utanom den kategori saker som tingretten kan handsame utan meddommarar, bør ha høve til å nytte dette som grunnlag for anke over sakshandsaminga mot dommen.

I saker som blir pådømd utan meddommarar, bør det gå fram av rettsboka at retten har vurdert spørsmålet om sammensetjinga. Men departementet ser det ikkje som naudsynt at retten gir noka særskilt grunngjeving for standpunktet sitt.

4 Endring i krava til provføring og domsgrunnar i føreleggssaker der den skuldgeivne er fråverande

4.1 Gjeldande rett

For føreleggssaker gjeld dei same reglane om gangen i hovedførehaving, provføring og utforming av dommen som for andre straffesaker. I det ligg mel-

lom anna at retten som hovudregel skal avhøyre vitna munnlig under hovudføreavinga, og at retten med visse unntak må høyre dei prova som partane ønskjer å føre, jf. straffeprosessloven §§ 296 og 292 andre stykket. Blir den skuldgeivne domfelt, skal retten «bestemt og uttømmende» i dommen gjere greie for det sakstilhøvet som er prova og som tenner som grunnlag for straffskuld, og dommen skal opplyse om det retten har lagt vekt på ved fastsetjinga av straffa og andre rettsfølgjer, jf. straffeprosessloven § 40 andre stykket. Med eitt unntak etter § 297 gjeld krava utan omsyn til om den skuldgeivne har møtt til hovudføreavinga, eller om retten har fremja saka etter reglane i straffeprosessloven § 281 utan at den skuldgeivne var til stades. Når eit vitne ikkje er til stades under hovudføreavinga i ei føreleggssak, og den skuldgeivne har uteblitt utan gyldig fråvere, er det etter § 297 første stykket andre punktum alltid høve til å lese opp frå ein politirapport eller rettboka den forklaringa som vitnet har gitt tidlegare.

4.2 Forslaga i høyringsnotatet

I sluttrapporten «Hurtigere straffesaksavvikling» (desember 2003) slo arbeidsgruppa som Justisdepartementet hadde oppnemnd, mellom anna fram på at «Justisdepartementet vurderer å forenkle kravene til bevisførsel og domsgrunner i foreleggssaker hvor den siktede uteblir uten gyldig forfall» (side 23, forslag nr. 18). Arbeidsgruppa viste til at føreleggssaker ofte blir pådømde etter straffeprosessloven § 281, og grunn gav forslaget slik:

«Etter arbeidsgruppens syn taler gode grunner for å forenkle domstolsbehandlingen i foreleggssaker hvor siktede uteblir uten gyldig forfall. Forelegget er et tilbud fra påtalemyndigheten om å få saken avgjort utenrettslig og skal kun utferdiges der alternativet vil være å reise tiltale. Vedtagelse av forelegg har dels karakter av avtale om straff og dels av en oppgivelse av retten til domstolsbehandling. Der siktede lar vær å møte for retten, er det naturlig at domstolsbehandlingen kan skje mer summarisk. Dette er ordningen etter den danske retsplejelovs § 934 første ledd som lyder: «Udebliver tiltalte uden oplyst lovlig forfald, eller nægter han at afgive forklaring, kan retten, når der ikke under sagen er spørgsmål om højere straf end bøder, og omstændighederne ikke findes at tale herimod, anse ham som den, der vedgår det ham påsigtede forhold, og påkjende sagen uden videre bevisførsel. Dommen kan udfærdiges ved en påtagning på anklageskriftet.»

En løsning etter modell fra den danske retsplejelov vil etter arbeidsgruppens syn være å gå

noe for langt. Rettens ansvar for sakens opplysning er grunnleggende og ingen bør dømmes til straff uten at retten har vurdert bevisene for straffeskyld. Omfanget av bevisførselen og hvordan bevisene skal føres bør likevel overlates til rettens skjønn. Det bør i slike saker åpnes for at retten får straffesaksdokumentene til gjennomsyn, og at dom kan avsies på grunnlag av disse uten ytterligere forhandlinger. Kravene til domsgrunner kan også reduseres, slik at det ved domfellelse kun kreves en beskrivelse av det saksforhold som anses bevist, og at det ikke kreves begrunnelse for reaksjonsfastsettelsen, forutsatt at det ikke reageres med annet enn bot.

Forslaget kan gjennomføres ved endringer i straffeprosessloven § 292 og § 40.»

Departementet tok opp arbeidsgruppa sine forslag til lovendringar i høyringsnotatet september 2006 om hurtigare handsaming av straffesaker. Departementet peika for det første på at forslaga gjeld der den skuldgeivne ikkje møter til hovudføreavinga i ei føreleggssak, utan å ha gyldig grunn, slik at vilkåra for å fremje saka etter straffeprosessloven § 281 er oppfylte. Om det er slik, vil ofte ikkje vere på det reine før hovudføreavinga tar til. Spørsmålet om retten skal ha høve til å bestemme omfanget av provføringa dreier seg i røynda om når retten skal kunne avskjere visse prov. Høyringsnotatet inneheldt ikkje forslag til særskilde reglar om provavskjering i føreleggssaker der den skuldgeivne er fråverande. I staden bad departementet høyringsinstansane om deira syn på framlegg til eit nytt stykke i straffeprosessloven § 296 om å gje høve til å lese opp forklaringar i føreleggssaker som retten har fremja i den skuldgeivne sitt fråvere (forslaget er av eit mistak ikkje tatt med i oversynet over moglege lovendringar til slutt i høyringsnotatet):

«I saker etter § 268 som er fremmet etter § 281, kan opplesning av giengivelse av forklaring i rettbok eller politirapport av forklaring tre i stedet for en muntlig forklaring når det ikke er fremsatt innsigelser mot dette, og retten ikke finner det betenkelig.»

Med ein slik regel ville departementet rå til at gjeldande § 297 første stykke andre punktum vart oppheva som overflødig.

I høyringsnotatet sa departementet seg skeptisk til ein regel som ville la retten seie dom på grunnlag av saksdokumenta. Det viste mellom anna til at å handsame saka berre på grunnlag av saksdokumenta (og utan meddommara) ikkje gir så god tryggleik for at retten fangar opp det som kan vere av ufullstendig saksopplysing, og at ålmenta får dårlegare innsyn i saka om dommen vert sagt berre på grunnlag av saksdokumenta. Men de-

partementet meinte at det kunne vere grunn til å lempe noko på krava til kva ein fellande dom skal innehalde i føreleggssaker der den skuldgeivne ikkje har møtt, og foreslo eit nytt andre punktum i straffeprosessloven § 40 femte stykket, slik:

«Domsgrunnene skal i alle saker som har vært behandlet med meddomsrett, angi hovedpunktene i rettens bevisvurdering. Dette gjelder ikke for saker etter § 268 som er fremmet etter § 281.»

4.3 Høyringsfråsegnene

Dei fleste høyringsinstansane som har gjeve fråsegner til forslaga om å forenkle provføringa og domsgrunnane i føreleggssaker, går imot forslaga.

Riksadvokaten ser ikkje at den foreslegne ordninga sikrar ei forsvarleg handsaming av skuldspørsmålet, og meiner at det ikkje ligg føre grunnar som veg tungt nok til å innføre særlege reglar for føreleggssaker som vert fremja etter straffeprosessloven § 281. Han tvilar på om det er grunn til å avskaffe kravet til domsgrunnar, og peikar på at den føreslegne endringa vil gjere det vanskeleg for den domfelte å angripe dommen. Av di lova berre krev at retten skal ta inn i dommen hovedpunktene i provsvurderinga, kan endringsframlegget etter riksadvokatens syn truleg ikkje gje noka monaleg innsparring i tidsbruken.

Oslo tingrett går ikkje inn for at retten skal kunne pådømme føreleggssaker på grunnlag av saksdokumenta og meiner at framlegget bryt for mykje med prinsippet om munnleg sakshandsaming. Men tingretten ser det som ein klår føremon om straffeprosessloven får ei føresegn om at forklaringar som er leste opp i desse sakene, kan leggjast fram for retten, slik at dommaren ikkje treng notere det som blir lest opp. Oslo tingrett sluttar seg ikkje til forslaget om å endre krava til domsgrunnar. Retten viser til at det når domfelte skal vurdere å krevje ny handsaming av saka etter straffeprosessloven § 282, kan vere viktig at hovudpunkta i både provsvurderinga og reaksjonsfastsetjinga går fram av dommen.

Den norske Dommerforening går imot at det vert høve til å pådømme føreleggssaker på grunnlag av saksdokumenta. Høyringsinstansen viser til prinsippa om direkte provføring og munnleg handsaming, og meiner at ei munnleg og beinveges provføring er best eigna til å bringe dei faktiske omstenda i saka på det reine. Dommerforeningen meiner dessutan at det ikkje ligg noka særskilt vinning i ein regel som gjer unntak frå rettens plikt til å ta inn i dommen hovedpunktene i provsvurderinga. *Agder lagmannsrett* sluttar seg til Dommerforenin-

gens syn og viser til at dersom tingretten si handsaming av føreleggssaker blir svekka, vil det truleg gjere det naudsynt å fremje fleire ankesaker til handsaming i lagmannsretten.

Nordland statsadvokatembete stør ikkje forslaga om å forenkle i provføringa eller domsgrunnane. *Hordaland statsadvokatembete* meiner at grunnleggjingsplikten etter straffeprosessloven § 40 ikkje bør bli mindre i føreleggssaker, og reknar med at ei viss grunnleggjering gir færre ankar. *Trøndelag statsadvokatembete* meiner at ein ikkje bør opne for å seie dom på grunnlag av saksdokumenta.

Politidirektoratet har ikkje nemnande motsegner mot forslaga til forenkla handsaming av føreleggssaker som blir fremja etter straffeprosessloven § 281.

Oslo statsadvokatembete har ikkje noko imot ein regel om at tingretten kan handsame saka på grunnlag av saksdokumenta, dersom retten er sett utan meddommarar og den skuldgeivne har vore avhøyrd.

Den norske Advokatforening har ikkje innvendingar mot forslaget om å utvide høvet til å lese opp forklaringar i føreleggssaker der saka er fremja utan at den skuldgeivne er til stades (straffeprosessloven § 296), men stør ikkje forslaget om å forenkle domsgrunnane i desse sakene (straffeprosessloven § 40 femte stykket).

4.4 Departementet si vurdering

I høyringsnotatet gav departementet uttrykk for skepsis mot å innføre ein regel som let tingretten seie dom på grunnlag av saksdokumenta i føreleggssaker der den skuldgeivne har late vere å møte til hovudførehavinga. Mange av høyringsinstansane deler denne skepsisen. Slik departementet ser det, har ikkje høyringa brakt fram argument som svekkjer innvendingane, og departementet tar såleis ikkje opp noko framlegg til ein regel om pådømming på grunnlag av saksdokumenta.

Mange av høyringsinstansane er jamvel negative til forslaget om å endre krava til domsgrunnar etter straffeprosessloven § 40 femte stykket for desse føreleggssakene. Departementet er samd i at det truleg er radt lite å spare ved ei slik endring, og at ho kan svekkje grunnlaget som domfelte får til å vurdere om han eller ho skal krevje at tingretten handsamar saka på ny etter straffeprosessloven § 282. I den mon endringa ville føre til fleire kravsmål etter § 282 enn etter dagens regler, vil ho virke mot sitt føremål. Departementet gjer difor ikkje noko framlegg om å endre krava til domsgrunnar etter straffeprosessloven § 40.

Høyringsinstansane har sagt lite om forslaget til

eit nytt tredje stykke i straffeprosessloven § 296 om utvida høve til å lese opp forklaringar i føreleggssaker fremja etter § 281. Slik forslaget var utforma, vart det truleg ikkje oppfatta som særskilt vidtfemnande eller prinsipielt. Det er framleis uvisst om forslaget kan gje ei merkande vinning, og verdien av ei lovendring på dette punktet, blir difor uviss. Attåt det kjem det at føresegnene i straffeprosessloven §§ 296 og 297 frå før er lite oversiktlege, og at ein lyt sjå dei saman med det ålmenne kravet til rettvist rettargang, jf. til dømes dom 9. november 2006 frå Den europeiske menneskerettsdomstolen i sak Kaste og Mathisen mot Noreg. Når departementet ser alt dette under eitt, er det kome til at det ikkje vil nytte dette høvet til å gjere framlegg om å endre straffeprosessloven §§ 296 og 297.

5 Unntak frå innsyn for opplysningar om forskingsprosjekt mv. i offentleglova og forvaltningslova

5.1 Innleiing

Offentleglovutvalet, utvalet som fremja utgreiinga NOU 2003: 30 Ny offentlighetslov, vart i mandatet bede om å vurdere om det var grunn til å gjere modifikasjonar i offentlegprinsippet av omsyn til utvikling av forskingsidear, jf. NOU 2003: 30 s. 186-190. Dei forslaga som Offentleglovutvalet fremja i denne samanheng vart ikkje følgde opp i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd. Departementet kjem no attende til saka.

5.2 Gjeldande rett

Det finst korkje i gjeldande offentlegheitslov eller i den nye offentleglova noko generelt unntak for forskingsidear og forskingsprosjekt. Forskrift 14. 1986 nr. 351 til offentlighetsloven punkt V nr. 1 gjev rett nok høve til å gjere unntak for dokument som gjeld det offentlege si forskingsverksemd. Dette unntaket omfattar likevel berre det offentlege si eiga forskingsverksemd og er dessutan ikkje vidareført i offentleglova eller i offentlegforskrifta.

I nokre høve vil opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt vere omfatta av teieplikta for forretningsløyndomar etter forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2, slik at dei skal haldast utanom innsyn etter offentlighetsloven § 5 a (og etter offentleglova § 13 når denne tek til å gjelde frå 1. januar 2009). Forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2 fastset likevel berre teieplikt for opplysningar der det kan vere fare for økonomisk tap ved offentliggjerding. Føresegna vil ikkje gje unntaksheimel for opplys-

ningar om forskingsidear og forskingsprosjekt utanfor det kommersielle området eller der det ikkje er nærliggjande med nokon kommersiell verdi av forskinga på det aktuelle tidspunktet.

Etter forvaltningslova §§ 18 flg. har partane rett til innsyn i dokumenta i eiga sak. Dette vil og gjelde der det er fleire partar i ei sak, til dømes ei sak der fleire forskarar har søkt om stønad til forskjellige forskingsprosjekt. Teieplikta etter forvaltningslova § 13 gjeld ikkje overfor partane i ei sak, jf. forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 1. Etter forvaltningslova § 19 fyrste ledd bokstav b har partane likevel ikkje rett til innsyn i opplysningar som gjeld tekniske innretningar, produksjonsmetodar, forretningsanalyser og berekningar og forretningsløyndommar elles, når desse er av ein slik art at andre kan utnytte dei i si eiga næringsverksemd. På lik line med kva som gjeld for unntaket frå innsyn på grunn av teieplikt etter forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2, vil dette unntaket frå partsinnsyn ikkje omfatte opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt utanfor det kommersielle området eller der det ikkje er nærliggjande med nokon kommersiell verdi av forskinga på det aktuelle tidspunktet.

5.3 Offentleglovutvalet sitt forslag

Eit samla offentleglovutval meinte det var behov for å innføre unntak både i høve til ålmenta si innsynsrett etter offentlighetsloven og frå retten til partsinnsyn for forskingsopplysningar utan direkte økonomisk verdi, jf. NOU 2003: 30 s. 188-190. Med omsyn til ålmenta si innsynsrett etter offentlighetsloven (frå 1. januar 2009 offentleglova) foreslo utvalet at dette skulle gjerast ved å utvide teieplikta etter forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2 slik at ho òg skulle omfatte forskingsprosjekt, utan omsyn til om prosjektet har økonomisk verdi, sjå NOU 2003: 30 s. 299 andre spalte. Det vart foreslått eit tilsvarande nytt unntak i forvaltningslova § 19 fyrste ledd for partsinnsynet etter forvaltningslova, sjå NOU 2003: 30 s. 99 andre spalte.

5.4 Høyringa

For generelle opplysningar om høyringa av NOU 2003:30 visar ein til Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) pkt. 2.4 (s. 16-18). I det følgjande blir det berre gjort greie for synspunkta til dei høyringsinstansane som uttala seg om forslaga frå utvalet om unntak for forskingsopplysningar utan direkte økonomisk verdi.

Noregs forskingsråd slo fast at framlegget frå utvalet om at opplysningar om ikkje-kommersielle forskingsprosjekt skulle bli omfatta av teieplikta og

bli unnateke frå partsinnsyn var i samsvar med det Forskingsrådet sjølv hadde gått inn for, og støtta framlegget om å ta desse presiseringane inn i sjølve lova. Forskingsrådet stilte likevel spørsmål om ikkje prosjektsøknadene burde omtalast meir spesifikt i sjølve offentlighetsloven, med ein eigen paragraf der som presiserer at det kan gjerast unntak frå offentlegheit for dokument vedrørende behandling av søknadar om forskingsmiddel. Dette ville etter rådet si vurdering skape ein ryddig praksis.

Statens arbeidsmiljøinstitutt uttala at instituttet følgde argumentasjonen frå utvalet i spørsmålet om å «modifisere offentlighetsprinsippet av hensyn til forskeres utvikling av ideer».

Helse- og omsorgsdepartementet uttala at det er behov for å verne forskarar sine idear mot tjuveri og plagiering, og støtta difor framlegget frå utvalet når det gjaldt unntak frå partsinnsyn.

Utdannings- og forskingsdepartementet (det noverande Kunnskapsdepartementet) støtta framlegget frå utvalet.

5.5 Departementets vurderingar

Departementet sluttar seg til Offentleglovutvalet og dei nemnde høyringsinstansane i samband med at dei går inn for at det bør gjelde unntakshøve for opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt òg for forskingsopplysningar som ikkje har økonomisk verdi eller der ein økonomisk verdi ikkje er nærliggjande, både frå innsynsretten etter offentleglova og frå retten til partsinnsyn etter forvaltningslova. I motsetjing til utvalet meiner departementet at det med omsyn til innsynsretten etter offentleglova vil vere meir føremålstenleg for å vareta dei unntaksbehova som gjer seg gjeldande for forskingsidear og forskingsprosjekt å ta inn eit nytt unntak i den nye offentleglova (som tek til å gjelde 1. januar 2009) enn å utvide teieplikta etter forvaltningslova. Mellom anna ut frå høyringa går det fram at unntaksbehovet knyter seg til saker der forskarar legg forskingsidear og -prosjekt fram for det offentlege i samband med søknad om økonomisk stønad eller førespurnad om rådgjeving i tilknytning til prosjektet. I samsvar med grunnsynet bak den nye offentleglova, som er at eit unntakshøve ikkje bør gå lenger enn dei saklege og reelle unntaksbehova tilseier, gjer difor departementet framlegg om eit unntak i offentleglova for opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt i saker som gjeld økonomisk stønad eller rådgjeving frå det offentlege i samband med forskingsprosjekt.

I forvaltningslova blir det foreslått eit tilsvarande unntak frå retten til partsinnsyn.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Etter Domstoladministrasjonens årsstatistikk for domstolane for 2007 kjem det årleg inn til tingrettane i alt om lag 17 000 meddomssaker. Som nemnt i punkt 3.5 ligg det nær å rekne med at om lag 30 % – det vil seie godt og vel 5 000 saker – gjeld førelegg som ikkje er vedtekne. Forslaget her om pådømming utan meddommarar femner ikkje om alle desse sakene, berre dei som etter lova høgst kan medføre bot og/eller fengsel i inntil eitt år og der retten dessutan ikkje finner det lite tilrådeleg å pådømme saka utan meddommarar. Mellom anna av di rettens vurdering i nokon mon vil byggje på skjønn, let det seg ikkje gjere å seie på førehand kor mange av føreleggssakene som i praksis vil verte pådømde i tingretten utan meddommarar. I eit overslag i høyringsnotatet september 2006 vart det rekna med at to tredeler av føreleggssakene vil kunne verte pådømde på denne forenkla måten (høyringsnotatet punkt 19). I så fall får endringa verknad for om lag 3 400 saker.

Den mest direkte verknaden av endringa er at tingrettane får mindre arbeid med å kalle inn meddommarar. Det er grunn til å tru at det jamvel vil verte råd å tidsetje sakene tidlegare enn i dag, slik at den samla sakshandsamingstida i tingrettane vert stuttare. Til illustrasjon kan ein nemne at tingrettane i 2007 hadde ei gjennomsnittleg handsamingstid på 0,5 månader for einedommarsaker og 2,7 månader for meddomsrettssaker, jf. Domstoladministrasjonens årsstatistikk. Det skal framleis vere hovudføreaving i føreleggssakene med dei fristane som gjeld for innkallinga. Som nemnt skal kørkje hovudføreavinga eller pådømminga elles vere mindre grundig enn før. Med av di sakene rent administrativt vert enklare, ligg det likevel nær å vente at sakshandsamingstida for føreleggssakene vil nærme seg handsamingstida for einedommarsaker.

Endringsforslaget vil jamvel gje lågare utgifter til meddommarar. Etter rettsgebyrforskrifta § 1-1 skal meddommarar som hovudregel ha ei godtgjøring på 250 kroner for kvar dag eller del av dag som går med til møte på rettsstaden. Føreleggssaker vil til vanleg ikkje ta meir enn ein dag. Meddommarar som får løn frå arbeidsgjevaren sin uavkorta medan dommertenesta varer, får ikkje lenger godtgjøring etter ei endring i føresegna i rettsgebyrforskrifta som gjeld frå 1. januar 2008.

For meddommarar som dokumenterer utlegg og/eller tapt arbeidsforteneste, kan retten dekkje utlegget eller tapet i rimeleg omfang, jf. rettsgebyr-

forskrifta § 1-4. Meddommarar som får trekk i løn på grunn av fråvere frå arbeidet, eller som er sjølvstendig næringsdrivande, vil ofte ha tap som går langt ut over den ordinære godtgjeringa på 250 kroner for kvar dag.

Etter opplysningar frå Domstoladministrasjonen var utgiftene til meddommarar i straffesaker for tingrettene i 2007 mellom 57 og 58 millionar kroner. Fordelt på 17 000 saker gir det ein gjennomsnittskostnad på om lag 3 350 kroner for kvar sak. Det seier seg sjølv at føreleggssakene er dei billegaste sidan dei til vanleg vert avvikla på ein dag. Skal ein slutta noko frå tala for 2007, lyt ein jamvel ta omsyn til at etter 1. januar 2008 får ikkje folk som held fram å ha løn frå arbeidsgjevaren under dommertenesta, noka godtgjersle. Talet er usikkert, men alt i alt reknar departementet med ei innsparing på om lag 4 millionar kroner.

Framlegga til endringar i offentleglova og forvaltningsloven (unntak frå innsynsretten for forskingsopplysningar utan kommersielt verdi) har ikkje nemneverdige økonomiske og administrative konsekvensar.

7 Merknader til dei einskilde føresegnene

Til endringa i forvaltningsloven § 19 fyrste ledd ny bokstav c:

Føresegna gjev eit tilsvarande unntak for forskingsopplysningar frå retten til partsinnsyn etter forvaltningslova som kva som følgjer av framlegget til offentleglova § 26 fjerde ledd om eit generelt unntak for forskingsopplysningar frå retten til innsyn etter offentleglova. Det blir difor vist til merknadene til denne føresegna.

Til endringa i straffeprosessloven § 276:

Første stykket i føresegna får nye andre til femte punktum. *Andre punktum* opnar for å gjere unntak frå hovudregelen i første punktum om at tingretten under hovudføreavinga i straffesaker skal ha to meddommarar. Om det nærmare innhaldet i regelen visar ein til punkt 3.5 ovanfor. Pådømming utan meddommarar føreset både at strafferamma for det eller dei tilhøve som førelegget gjeld, ligg innanfor det som andre punktum fastset, og at retten ikkje finn handsamingsmåten lite tilrådeleg, jf. *tredje punktum*. Lite tilrådeleg («betenkelig») vil handsamingsmåten kunne vere til dømes dersom saka har særskilt mykje å seie for den skuldgeivne, eller det er særskilte utfordringar knytta til å kommunisere med den skuldgeivne. Saker om føretaksstraff vil

ofte gjelde store summar og kan jamvel reise kompliserte spørsmål, slik at dei ikkje er eigna for pådømming utan meddommarar.

Slik føresegna er utforma, vil pådømming utan meddommarar kunne kome på tale mellom anna i føreleggssaker om naskeri (straffeloven 1902 § 391 a), skadeverk (straffeloven 1902 § 291), innehav og bruk av narkotika (legemiddeloven § 31 jf. § 24) og brot på vegtrafikkloven (vegtrafikkloven § 31 jf. t.d. § 6). Gjeld førelegget fleire strafflagde tilhøve, er det strammeramma etter lova for kvart av dei som avgjer om saka ligg innanfor regelen i første stykket andre punktum.

Det følgjer av *fjerde punktum* at partane ikkje kan anke tingretten si avgjerd om at det ikkje skal vere med meddommarar. Det same gjeld ei avgjerd om å setje retten *med* meddommarar. Med unntak av det som går fram av femte punktum, vil ein part likevel kunne nytte avgjerda som grunnlag for ei anke over dommen. I dette ligg at avgjerda kan tenne som ankegrunn der den ankande parten hevdar at strafferamma overstig grensa etter § 276 første stykke andre punktum. Men om innvendinga gjeld vurderinga av om sakshandsamingsmåten var lite tilrådeleg, kan ikkje avgjerda bli nytta som ankegrunn, jf. første stykke *femte punktum*. I staden må anken då bli knytt til innhaldet i dommen.

Til endringa i straffeprosessloven § 355:

Orda «eller varamedlemmene» i tredje ledd fjernast for at fråsegna skal få det same innhaldet som blei vedteke ved lov 15. juni 2007 nr. 38. Dei aktuelle orda kom inn i fråsegna igjen ved ein feil da tvistelova blei sett i kraft 1. januar 2008.

Til offentleglova § 26 nytt fjerde ledd:

Føresegna gir høve til å gjere unntak frå innsyn for opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt i sak som gjeld økonomisk stønad eller rådgjeving frå det offentlege i samband med forskingsprosjekt. Føremålet med unntaket er å hindre at konkurrerande forskarar eller andre får tilgang til materialet og kan dra nytte av det på urettvis eller illojal måte.

Med forskingsidear er meint både presentasjon av aktuelle tema som blir presentert som aktuelle å forske på og dei meir konkrete planane der opplegg, kva ein eventuelt vonar å oppnå osv. kjem fram. Opplysningar som gjeld forskingsprosjekt kan mellom anna omfatte førebels forskingsmateriale og resultat, metodane som skal brukast, kva slags utstyr ein tenkar å nytte seg av, kva slags finansieringskjelder ein har og liknande. Opplysnin-

gar som i generelle vendingar fortel at eit forskingsprosjekt eksisterar, men ikkje seier noko meir konkret om prosjektet, er ikkje omfatta av unntaket.

Det er ikkje krav om at ein forskingsidé eller eit forskingsprosjekt skal representere nokon form for økonomisk verdi for at unntaket skal gjelde. Ofte vil resultatene av forskinga ikkje ha nokon konkret verdi før etter lang tid, og dette kan ein ikkje sjå på førehand. På den andre sida vil sjølv sagt prosjekt som det alt er knytt økonomisk verdi til vere omfatta av unntaket.

Unntaket gjeld berre når opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt inngår i ei sak som gjeld økonomisk stønad eller rådgjeving frå det offentlege i samband med eit forskingsprosjekt. Dersom slike opplysningar går fram i saker som ikkje gjeld slik økonomisk stønad eller rådgjeving, vil ikkje unntaket gjelde. Derimot vil unntaket, dersom det fyrst ligg føre ei sak om økonomisk stønad eller rådgjeving frå det offentlege i samband med eit forskingsprosjekt, gjelde uavhengig av kva slags dokument opplysningane går fram av. Til dømes vil unntaket gjelde dersom slike opplysningar frå søknaden er gjevne att i eit anna dokument. Unntaket skal òg gjelde uavhengig av kva slags offentlig organ det blir søkt om stønad frå eller bede om rådgjeving frå. Dette kan til dømes vere dei statlege organa Noregs forskingsråd eller Innovasjon Noreg, eit universitet eller ein kommune.

Føresegna gjev berre høve til å gjere unntak for dei delane av eit dokument som inneheld opplysningar om forskingsidear og forskingsprosjekt, ikkje andre delar av dokumentet. Dersom eit dokument utelukkande inneheld slike opplysningar, vil det vere høve til å gjere unntak for heile dokumentet. Det same gjeld dersom eit av dei tre alternative vilkåra i offentliglova § 12 er oppfylte.

Plikta etter offentliglova § 11 til å vurdere meirinnsyn skal gjelde på vanleg måte for unntak for forskingsidear og forskingsprosjekt. Føremålet med

unntaket tilseier likevel at meirinnsyn som oftast ikkje vil vere aktuelt med mindre den aktuelle forskaren sjølv erklærer at vedkommande ikkje har noko imot offentliggjerding, eller andre særskilde omsyn tilseier innsyn. Det vil vere meir aktuelt å utøve meirinnsyn etter at dei aktuelle forskingsprosjekta er avslutta.

Til ikraftsetjings- og overgangsføresegna:

Føresegna seier at lova gjeld frå den tid Kongen fastset, og at Kongen kan sette i kraft dei ulike lovendingane til ulik tid. Det trengst ikkje nokre særskilde tiltak før ikraftsetjinga. Av St.prp. nr. 1 (2008-2009) for Justisdepartementet går det fram at framlegget til endring av straffeprosessloven § 276 er tenkt å ha budsjettverknad frå 1. juli 2009. Dersom Stortinget sluttar seg til lovframlegget, vil departementet syte for ikraftsetjing i samsvar med dette.

Endringane i forvaltningsloven og offentliglova vil bli sette i kraft så snart dei er vedtekne.

Siste setning av føresegna regulerer kva for steg i straffesakshandsaminga ei sak må vere på for at den nye regelen skal gjelde om høve til å pådømme saka utan meddommarar. Etter framlegget er det saker som kommer inn til tingretten med krav om pådømming etter at endringslova har tredd i kraft, som den nye regelen gjeld for.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i straffeprosessloven mv. (tingretten si handsaming av saker om ikkje vedtekne førelegg mv.)

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffeprosessloven mv. (tingretten si handsaming av saker om ikkje vedtekne førelegg mv.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i straffeprosessloven mv. (tingretten si handsaming av saker om ikkje vedtekne førelegg mv.)

I

Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 19 fyrste ledd skal lyde:

En part har ikkje krav på å få gjøre seg kjent med de opplysninger i et dokument

- a) som er av betydning for Norges utenrikspolitiske interesser eller nasjonale forsvars- og sikkerhetsinteresser, når slike opplysninger kan unntas etter offentleglova §§ 20 og 21,
- b) som angår tekniske innretninger, produksjonsmetoder, forretningsmessige analyser og berekninger og forretningshemmeligheter ellers, når de er av en slik art at andre kan utnytte dem i sin egen næringsvirksomhet,
- c) som angår forskningsideer eller forskingsprosjekter i sak som gjelder økonomisk støtte eller rådgivning fra det offentlige i forbindelse med forskningsprosjekt, eller
- d) som det av hensyn til hans helse eller hans forhold til personer som står ham nær, må anses utilrådelig at han får kjennskap til; likevel slik at opplysningene på anmodning skal gjøres kjent for en representant for parten når ikkje særlige grunner taler mot det.

Lov 22. mai 1981 nr. 25 om rettergangsmåten i straffesaker (straffeprosessloven) vert endra slik: § 276 første stykket skal lyde:

Ved hovedforhandling settes retten med en fag-

dommer og to meddommere. *I saker etter § 268 om forhold som kan straffes med bot eller fengsel inntil ett år, eller med bot og fengsel inntil ett år, kan retten settes uten meddommere. Dette gjelder ikke hvor retten finner behandlingsmåten betenkelig. Rettens avgjørelse om at retten skal settes uten meddommere, kan ikke ankes. Rettens vurdering av om behandlingsmåten er betenkelig kan heller ikke brukes som grunnlag for anke over dommen.*

§ 355 tredje stykket skal lyde:

Før forhandlingen begynner, bringer rettens leder på det rene om noen av lagrettemedlemmene er ugilde, jf domstolsloven § 115.

Lov 19. mai 2006 nr 16 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) § 26 nytt fjerde ledd skal lyde:

Det kan gjerast unntak frå innsyn for opplysningar om forskningsidear og forskingsprosjekt i sak som gjeld økonomisk stønad eller rådgjeving frå det offentlege i samband med forskingsprosjekt.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i verk dei einskilde føresegnene til ulik tid. Endringa av straffeprosessloven § 276 gjeld for saker der kravet om pådømming kjem inn til tingretten etter at lova har tredd i kraft.





Tykk A/S O. Fredr. Anesen, November 2008